

**B.TARBERG AS****VURDERINGAR AV INNSPEL TIL VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID**

<b>Plannamn</b>	Leite fritidsområde	<b>Plankonsulent</b>	Aleksander Z. Tarberg
<b>PlanID.</b>	2017-12	<b>Dato</b>	09.08.2018
<b>Saksnummer.</b>	2017-21 (vår referanse for prosjektet)	<b>Tal på innspel</b>	8

<b>Avsendar og dato</b>	<b>Hovudpunkt i innspel</b>	<b>Forslagstillars kommentar</b>
1. Mørenett 03.04.18	Mørenett har ikkje noko fordelingsnett innanfor dette reguleringsområdet (vedlagt kart). På oppsida av vegen har dei ståande ein nettstasjon som kan straumforsyne dette området. Alt etter kor stor effektuttaket vert, så må kanskje transformatoren i nettstasjonen byttast til større.	<i>Innspelet er teke til vitande. Straumforsyning fram til feltet må ein kome attende til ved utarbeiding av IN-plan (tekniske plan for el/teleanlegg) i forkant av oppstart utbygging. Dette når ein endeleg veit kor mange fritidseiningar som blir bygd innanfor planområdet.</i>
2. Herøy Vasslag SA 03.04.18	Hovedvassledninga til Remøya ligg på nedsida av vegen der, den er ikkje innmålt, så det blir på antagelse. Det kan ikkje gjerast inngrep i eit belte på 4 meter på kvar side av ledninga. Dei må ha betre informasjon om tenkte inngrep, evt. om ledninga må flyttast. Flytting og midlertidig vassforsyning til abonnentane må dekkast av utbygger.	<i>Innspelet er teke til vitande. Vassforsyning fram til feltet må ein kome attende til ved utarbeiding av VA-plan (teknisk plan for vatn, spillvatn og overvatn) i forkant av oppstart utbygging. Dette når ein endeleg veit kor mange fritidseiningar som blir bygd innanfor planområdet.</i>
3. Noregs vassdrags- og energidirektorat 04.04.18	I område som består av marine strandavsetningar kan ein ikkje utelukke førekomstar av kvikkleire. Fare for kvikkleire må vere eit tema i ROS-analyse. NVE har gjennomført skredfarekartlegging i Herøy, og området er utanfor fare. I plandokumenta må det vere skildra kva vurderingar som er gjort, og korleis omsyna er innarbeidd i planen. NVE tilrår bruk av deirar karttenester, rettleiar og sjekklister.	<i>Det er gjort vurderingar kring marine strandavsetningar i planomtalen og det er gjennomgått sjekklister ROS frå fylkesmannen i Møre og Romsdal. Vurderinga har kome til at det er tilstrekkeleg tryggleiksnivå for fritidsbustader i området.</i>

<p>4. Statens vegvesen 12.04.18</p>	<p>Skeptiske til ei reguleringsløyising som grip inn i reguleringsplanen for fylkesvegen. Erfaringsmessig har ein oftast bruk for heile arealet (og meir) som er regulert til vegføremål. I byggeperioden er det oftast naudsynt å etablere anleggsbelte langs veggen, utover arealet regulert til veggrunn. Skissert løyising med støttemur vil truleg bli meir kostbar enn løyisinga det er tilrettelagt for gjennom reguleringsplanen for fylkesvegen. Statens vegvesen vil vurdere å fremje motsegn til planframlegg som inneber endringar i reguleringsplanen (Leine-Remøyholmen).</p>	<p><i>Det er ikkje aktuelt for tiltakshavar å gjere endringar i reguleringsplan for fylkesvegen. Planforslaget vil ha samanfallande plangrense med regulert vegløyising og bygge på regulert tilkomst til området.</i></p>
<p>5. Søre Sunnmøre reinhaldsverk IKT 16.04.18</p>	<p>Positive til tiltaket, men ha i mente avfallshandteringa i framtida. Ha plass til nedgravde avfallstankar, og veg med snuplass for store bilar.</p>	<p><i>Innspelet er teke til vitande. Renovasjonsløyising for nye fritidsbustader må ein kome attende til ved utarbeiding av tekniske planar i forkant av oppstart utbygging.</i></p>
<p>6. Randi Findreng Voldsund og Helge Voldsund 17.04.18</p>	<p>Svært negative til utbyggingsplanane, då dei meiner det vil forringe eigendommen deirar. Planområdet si avgrensing er foreslått å gå langt inn på deirar eigendom (Gnr. 13 Bnr.2), det vil dei ikkje akseptere, og det er heller ikkje i tråd med kommuneplanen. Dei krever at utbygginga vert avgrensa slik det ikkje berører deirar eigedom, verken over eller under vatn, og at planområdet vert justert i samsvar med det. Meiner det er behov for kartforretning for å fastsette grensa nøyaktig før prosessen kan fortsette.</p>	<p><i>Det er ikkje lagt opp til ei utbygging som negativt vil råke ved Voldsund sin eigedom så langt vi kan sjå av planforslaget. Ein har bedt kommunen kvalitetssikre eigedomsgrense mellom eigedomane. Vidare avklaring rundt grense bør skje i løpet av planprosessen mellom grunneigarane.</i></p>
<p>7. Fylkesmannen 18.04.18</p>	<p>Den delen av planområde som er i sjø er ikkje satt av til utfylling, molo mm, men til NFFF. Tiltaket er såleis ikkje i samsvar med overordna plan. Planområdet er på 19,4 daa, medan omsøkt landareal sett av til fritidsbustader i kommuneplanen er 7 daa. Etter kommuneplanen kan det byggast fritidsbustader i området, men planen opnar ikkje for å bygge ut i sjøen og legge beslag på og privatisere alt av strandsone. Om det er ønskeleg med småbåthamn må denne etablerast på eigna område og tene også for området søraust for planområdet. Det må gjennomførast ei ROS-analyse for planområdet, og støyforhalda må utgreiast.</p>	<p><i>Ein viser til at det er gjennomført synfaring og dialog med offentlege instansar i løpet av planarbeidet. Det er lagt til rette for ei «grøn sone» mellom nye fritidsbustader og sjøen, samt ny badeplass og friluftsområde innanfor planområdet. Dette meiner vi er ei vesentleg styrking av ålmenta sine interesser i høve dagens situasjon, ettersom dette ikkje er eit særleg nytta fritidsområde av befolkninga på Leinane.</i></p> <p><i>Støyforhalda er utgreia, jfr. planomtalen.</i></p> <p><i>Det er gjennomført ei ROS-analyse. Det er teke omsyn til havnivåstigning og bølgepåverknader ved val av kotenivå for lågast gulv for nye fritidsbustader.</i></p>

	Fylkesmannen rår sterkt i frå at området vert bygd ut som vist i oppstartvarselet. Vurderer å reise motsegn dersom ein legg opp til utfylling i sjø, samt molo og småbåthamn.	<i>Ny molo og småbåthamn vil vere eit viktig tiltak ettersom det ikkje er tilbod om båtplassar i området, hamna kan soleis vere ei samlande hamn for fleire i området som ynskjer å sikre seg båtplass. Det vil soleis kunne minske presset på kringliggjande strandsone. Moloane er ei viktig og naudsynt skjerming mot sjø og bølger i området.</i>
8. Møre og Romsdal fylkeskommune 10.04.18	<p>Ta omsyn til dei regionale interessene. Det strir med strandsonevernet å vinne ut terreng, fyller ut og lage småbåthavn i sjøen. Ønsker omtale av korleis området vert brukt i dag, er det til dømes barn og unge som nyttar området?</p> <p>Manglar referat frå oppstartsmøte med kommunen. Ønsker å gjennomføre ei arkeologisk synfaring. Planen kan ikkje eigengodkjennast før synfaring/registrering er gjennomført. Tiltakshavar pliktar å gi melding til museet dersom ein under arbeid på sjøbotnen finn marine kulturminne.</p> <p>Ved utarbeiding av plan må ein vurdere grundig korleis ein plasserer bygningane for å sikre ei strandlinje som er tilgjengeleg for allmennheita.</p>	<p><i>Ein viser til at det er gjennomført synfaring og dialog med offentlege instansar i løpet av planarbeidet. Det er lagt til rette for ei «grøn sone» mellom nye fritidsbustader og sjøen, samt ny badeplass og friluftsområde innanfor planområdet. Dette meiner vi er ei vesentleg styrking av ålmenta sine interesser i høve dagens situasjon, ettersom dette ikkje er eit særleg nytta fritidsområde av befolkninga på Leinane. Plassering av nye byggeområde og fritidsbustader byggjer på ei nøye vurdering og synfaring.</i></p> <p><i>Den nye badeplassen vil ved opparbeiding og skjøtsel kunne ha potensiale til å kunne nyttast av ålmenta, men det vil krevje tiltak.</i></p> <p><i>Krav om arkeologisk synfaring er motteke. Ein har her dialog med fylkeskommunen rundt desse forholda.</i></p>

Aleksander Zahl Tarberg  
09.08.2018